

Stor interesse for framtida til villaksen



Leiar i Valldal Elveeigarlag Stein Kristian Valdal ønskte alle velkomen og gav ordet til oterekspert Jiska van Dijk frå NINA (Norsk institutt for naturforskning).

FRILUFTSLIV: Då Lakseelvene på Sunnmøre arrangerte fagdag på Martin Linge-huset sist laurdag, var heile 130 påmelde og endå fleire dukka opp på dagen for å få vite meir om villaksen si framtid.

Mange av lakseelvane på Sunnmøre har lite laks og svake stammer. Det finnest ulike meiningar om kva som kan vere grunnen.

Tema på fagdagen var korleis oteren kan virke inn på tala og etter matøkta var det genbank og kultivering av lakseelvane dei snakka om.

OTER

Jiska van Dijk frå NINA (Norsk institutt for naturforskning) er kanskje den som veit mest om oteren i Noreg. Ho kunne fortelje at det var vanskeleg å forske på dyret då det ikkje var for mange observasjonar og elles lite talmateriale å forske på.

– Når dyret dukkar opp ofte, sluttar folk å registrere det, var ein av hennar konklusjonar.

Ho viste tal og analysar og frå lysbilete fekk vi vite at ote-

ren er ein toppredator og har lite konkurranse om maten den et. Konflikten er knytt til mat- og arealressursar som menneska òg nyttar.

På Vega på Helgelandskysten er oteren eit problem for ærfugl, på Sunnmøre for laksen i elvane.

I 1982 vart oteren totalfreda i Noreg. Den kan leve opp til 12 til 16 år og ein vaksen hann kan vege 13 kilo.

Jiska van Dijk meinte mellom anna at det å skulle ta ut oteren nødvendigvis ikkje ville løyse problemet som lakseelvane på Sunnmøre har.

MANGE GRUNNAR

Marius Kambestad frå Rådgivende Biologer AS har saman med Jiska van Dijk arbeidd med oterprosjektet 2019. Prosjektet har gått ut på å finne ut korleis oterbestanden verkar inn på laksestammene på Sunnmøre. Det dei ikkje fekk moglegheit til å forske på, men som dei gjerne ville, var å finne ut kor mykje oter som finst.

Fleire av lakseelvane på Sunnmøre er kritisk trua med svake laksestammer som utgangspunkt. Tre elvar har vore med på oterprosjektet og Storrelva i Norddal er ei av dei.

Marius Kambestad var klar på at oteren i dag har ein stor



Mange hadde møtt fram for å prøve å få svar på korleis framtida til villaksen kom til å sjå ut.

innverknad på laksestammene, men at det ikkje berre er den åleine.

– Tidlegare har laks og oter fungert greitt i lag, men når laksestammene er svekka av lakselus, dårlege gyteforhold grunna elveforbygningar og utretting av elveløp i tillegg til overfiske enkelte stader, kan oteren verte den variabelen som set inn dødsstøytet, seier Marius Kambestad i Rådgivende Biologer AS.

Hans ønske er å få så mange

fakta på bordet som mogleg som alle partar kan vere einig om for så å finne ut om det er eit haustbart overskot i elvene. Og med den informasjonen som utgangspunkt prøve å finne ein veg vidare. Ut frå observasjonar, var det vanlege folk si oppfatning at det har vorte mykje meir oter dei seinare åra.

Marius Kambestad var imponert over interessa og oppmøtet og var utruleg takksam for den dugnadsinnsatsen som

har vore lagt ned av enkeltpersonar og elveeigarlag i observasjonar av oteren, av skadd laks og skit etter rovdiret.

Engasjementet var så stort og det var berre så vidt dei fekk i seg maten mellom øktene. Etter pause informerte Vegard Sollien frå Veterinærinstituttet om genbank og kultivering av lakseelvar.